

Austrheim kommune
Byggesak

Arkconsult AS
Postboks 103
5291 Valestrandsfossen
Telefon: 56 39 00 03
E-post: post@arkoconsult.no
www.arkoconsult.no

Dykkar ref.:
23/10810

Vår ref.:
2023141

Dato:
24.10.2023

SUPPLERING TIL SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK VED GBNR. 158/77 I AUSTRHEIM KOMMUNE

I høve søknad om løyve til tiltak ved gbnr. 158/77 i Austrheim kommune, har kommunen bedt om tilleggsopplysingar for å kunne handsame søknaden.

Tiltaket gjeld oppføring av ny einebustad med garasje, ny tilkomstveg og tilhøyrande uteareal.

Ansvarleg søkjar mottok 09.10.23 vedtak frå kommunen, med delvis godkjenning av innsendte ansvarsrettar. Kommunen godkjenner ikkje følgande ansvarsrettar:

- Odd Haugen Maskinstasjon AS, org.nr. 953 498 685: PRO veg, uteareal og landskapsutforming
- Bolig & Eigedom AS, org.nr. 917 357 161: PRO betongarbeid og radonsikring
- Bolig & Eigedom AS, org.nr. 917 357 161: PRO murararbeid, pipe og våtrom
- Bolig & Eigedom AS, org.nr. 917 357 161: PRO ventilasjon- og klimainstallasjonar
- Bolig & Eigedom AS, org.nr. 917 357 161: UTF betongarbeid og radonsikring
- Bolig & Eigedom AS, org.nr. 917 357 161: UTF murararbeid, pipe og våtrom
- Bolig & Eigedom AS, org.nr. 917 357 161: UTF ventilasjon- og klimainstallasjonar

For ordens skuld vert det presisert at kommunen ikkje lenger skal godkjenne ansvarsrettar. Løysinga med søknad om ansvarsrett og lokal godkjenning opphøyrde 01.01.2016. Etter pbl. § 23-3 inntretr ansvarsrett ved at erklæring vert sendt kommunen. I dette høvet har det skjedd ein feil ved at føretaka har kryssa av for at ansvarsområdet er dekket av sentral godkjenning. Involverte føretak har sentral godkjenning, men ikkje for alle områda dei har erklært ansvar for. Avkryssinga skulle difor vore ja på nokre område og nei på andre område. Likevel er sentral godkjenning kun eit kvalitetsstempel, og ei valfri ordning, slik at manglande sentral godkjenning ikkje kan likestillast med manglande kompetanse.

Ansvarleg søkjar har i samarbeid med hovedentreprenør, gjort justeringar i gjennomføringsplanen og fått inn nye ansvarsrettar på nokre av områda. På andre område meiner me at gjeldande sentralgodkjenning er dekkande for oppgitt ansvar. Oversikta er no slik:

Firma:
Arkconsult AS

Forretningsadresse:
Hamrenesvegen 30
5281 Valestrandsfossen


Postadresse:
Postboks 103
5291 Valestrandsfossen

Foretaksregisteret:
Org.nr: 918 269 665

- PRO veg, uteareal og landskapsutforming: Haugen VVA, org.nr. 911 566 664, overtek prosjekteringsansvar for Odd Haugen Maskinstasjon AS.
- PRO betongarbeid og radonsikring: Arkoconsult AS, org.nr. 918 269 665, overtek prosjekteringsansvar for radonsikring, medan Bolig & Eiendom AS beheld prosjekteringsansvar for betongarbeid ettersom dette fell inn under ansvarsområdet konstruksjonssikkerheit, som føretaket har sentralgodkjenning for.
- PRO murararbeid, pipe og våtrom: Bolig & Eiendom AS beheld prosjekteringsansvar for murerarbeid ettersom dette fell inn under ansvarsområdet konstruksjonssikkerheit, som føretaket har sentralgodkjenning for.
- PRO ventilasjon- og klimainstallasjonar: Flexit AS, org.nr. 926 398 806, overtek prosjekteringsansvar for ventilasjon- og klimainstallasjonar.
- UTF betongarbeid og radonsikring: Bolig & Eiendom AS beheld ansvar for utføring av betongarbeid og radonsikring ettersom dette fell inn under ansvarsområdet tømrararbeid, jf. SAK10 § 13-5 tredje ledd, bokstav g, som føretaket har sentralgodkjenning for.
- UTF murararbeid, pipe og våtrom: Bolig & Eiendom AS beheld ansvar for utføring av murerarbeid ettersom dette fell inn under ansvarsområdet tømrararbeid, jf. SAK10 § 13-5 tredje ledd, bokstav g, som føretaket har sentralgodkjenning for.
- UTF ventilasjon- og klimainstallasjonar: Bolig & Eiendom AS beheld ansvar for utføring av ventilasjonsarbeid ettersom dette fell inn under ansvarsområdet tømrararbeid, jf. SAK10 § 13-5 tredje ledd, bokstav g, som føretaket har sentralgodkjenning for.

Ta kontakt med undertekna ved spørsmål eller behov for ytterlegare opplysingar i saka.

Med venleg helsing/Best Regards



Lena Lekve
Jurist, Byggesak

Direkte: +47 56390003 | Mobil: +47 95963006

Fax: +47 56191130

Epost: lena@arkoconsult.no

 **arkoconsult**
Arkconsult AS